



Arkivsaknr: 2023/3044-6
Sakshandsamar: Kjell Anders Reigstad
Avdeling: Plan, landbruk og teknisk

SAKSFRAMLEGG

Gbnr. 95/7 og 95/11 m.fl Byrknes. Ny reguleringsplan Byrknes Utvikling. Pland ID 2021003. 2. gong handsaming

Utvalssak	Utval	Møtedato
19/24	Hovudutval for plan utvikling og klima (HPUK)	11.03.2024
30/2024	Kommunestyret (KS)	12.04.2024

Kommunedirektøren si tilråding

Gulen kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Byrknes Utvikling planID 4635-2021003 Gnr/Bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256.

Planen erstattar i sin heilheit Plan ID 2004012 detaljreguleringsplan for Byrknes 95/7.

Planen erstattar delar av reguleringsplanen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av kommunestyret.

Bakgrunn for saka

Tiltakshavar SIL Eigedom AS engasjerte A/STAB AS til utarbeiding av ny detaljreguleringsplan for gnr/bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256 på Byrknes, Gulen kommune. Området for planen ligg på Byrknes og tek føre seg området frå Nedgardsvika i vest, delar av Bardvågen mot sør og området opp til kommunal veg i aust.

Den 30.09.2021 vart det varsla oppstart av plan med eit planområde på 105 daa og formålet med detaljreguleringa var å regulere til bustader, leilegheiter, hotell med svømmeanlegg, småbåtanlegg, leikeplass, næring og tenesteyting.

Delar av planen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002 er pr. i dag regulert til bustader, anna spesialområde og friområde i sjø og vassdrag er implementert inn i ny plan.

Den nye planen har og teke med eldre reguleringsplan ID 2004012 Byrknes 95/7 med formåla bustad, leikeplass og veg inn i ny plan.

Plan ID 2004012 Byrknes 95/7 vart endra i SAK 052/21 12.10.2021 med oppmoding om at den skulle implementerast inn i kommande ny plan for Byrknes Panorama, no omtalt Byrknes Utvikling.

Under veps i prosessen har ny plan endra namn frå Byrknes Panorama til Byrknes Utvikling og Gaute Baarøy AS har teke over hovudarbeidet med konsulenttenesta for utarbeiding av planen i samråd med A/STAB.

I kommuneplanens arealdel er planområdet sett av til bustader, andre typar bygningar og anlegg, forretningar, LNFR samt bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Sjøområda er sett av til ferdsel. I området avsett til «andre typar bygningar og anlegg» i arealplan er det tenkt eit hotell med dei fasilitetar som følg med ein slik type næring i detaljreguleringsplan. Næring er ikkje i trå med formål «andre typar bygningar og anlegg» i overordna arealplan for kommunen.

For å rette opp dette vart saka for omgjerung av formål teke med i framlegget til 2 gongs høyring og offentleg ettersyn for rullering av arealplan til formannskapet SAK 21/6343 02.07.2021. Formannskapet vedtok å konsekvensutgreia endringa og ta endringa med i rulleringa av arealplan som framleis er til rullering grunna andre moment i arealplan.

Etter justering er planen redusert til å omfatte om lag 67 daa.

Prosess og framdrift.

Planinitiativ motteke 15.06.2021, Oppstartsmøte 05.07.2021

Kunngjering av oppstart 30.09.2021, merknadsfrist 03.11.2021

Mottak av framlegg til reguleringsplan 09.01.2023

Første gang handsaming utlegging til offentleg ettersyn HPU SAK 42/23 møte 06.06.2023

Ettersending av dokument VA rammeplan 28.06.2023

Kunngjering av plan 1.g høyring 07.07.2023, Høyringsfrist 24.09.2023

Mottak av framlegg til reguleringsplan etter høyring 14-20.11.2023.

Gjennomgang med planleggar 02.02.2024

Dialog med Statsforvaltar 22.02.2024

Framlegging til 2. gangs handsaming HUPK 11. mars.

Planlagt framlegging av plan for slutthandsaming i Kommunestyret 12. april.

Merknader etter 1. gangs høyring (07.07.2023-24.09.2023)

Det var kommen inn 4. private (P) og 12 merknader frå offentlege instansar (O).

Private merknader

- P1. Gbnr 95/217 Reidar Byrknes
- P2. Gbnr 95/176 Harald og Sølvi-Ann Oddekalv
- P3. Gbnr 95/15 Terje Kjetil Byrknes
- P4. Ole Svein Einebærholm.

Merknader frå offentlege instansar/organisasjonar

- O1. Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (SDB)
 - O2. Gulen kommune VA avdeling
 - O3. Byrknes og øyane fiskarlag
 - O4. Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling (NGIB)
 - O5. NVE
 - O6. Kystverket
 - O7. Fiskeridirektoratet
 - O8. Øyane vel
 - O9. Vestland Fylkeskommune
 - O10. Statsforvaltaren i Vestland
 - O11. Statens Vegvesen
 - O12 Statsforvaltaren i Vestland- tilleggsmernkad
- Mernkadane ligg vedlagt.

Planleggar har gjennomgått merknader og innarbeidd endringar i plan og føresegner. Saksdokument «Mernkadsskjema off. ettersyn 20.11.2023» gjer greie for mernkadene og endringar som er gjort etter offentlig ettersyn og fram til innsending av planen til kommunen 20.11.2023.

Ei kort oppsummering av dei dei største endringane med bakgrunn i innkomne merknader:

Plangrensa er endra ved molo (planen er mindre) som har vore ein mernkad frå fleire instansar. Tilknytning av eksisterande bustad til renovasjonsområde. Ferdigstilling av rapport/konsekvensutgreiing i høve fylling i sjø. Justering av VA rammeplan etter mernkad frå VA avdelinga. Lademoglegheit for EL-bil er teke med. Parkeringsanalyse/vurdering er gjort. Byggegrense for kaifront er lagt inn. Plan for massehandtering og sikring av desse i føresegnene er teke med. Det er elles gjort vurderingar i høve krav om konsekvensutgreiingar, forureina sediment, tilgang til strandsone/sjø og massehandterking i høve mernkad frå Statsforvaltaren.

Endring etter innsending av plan 20.11.2023

Vi tek her med dei viktigaste endringane som er gjort etter at planen er sendt kommunen 20.11.2023 for 2. gong handsaming.

Sikring av parkering og ferdsel for ålmenta i Nedgardsvika

Gjennom dialog med planleggar er det funne rom for å legge til rette for inntil 5 parkeringsplassar for ålmenn bruk på område BKB2 (tidlegare BH2). Dette skal vere plassar for fri bruk for å sikre ålmenta tilgang til parkering i Nedgardsvika. Dette er lagt inn i føresegnene i nytt pkt. §2.5. Vi har gjort ei presisering/ending av føresegna

Opphaveleg føresegn:

§ 2.5 Kombinert hotell/overnatting, parkeringsplassar

«I BKB2 kan det etablerast parkeringsplassar for BH1 og inntil 5 parkeringsplassar til allmenn bruk. I BKB2 kan det etablerast kai langs delar av strandlina. «

Med tillegg: Området skal vere ope for ålmenn ferdsel.

Endra til:

§ 2.5 Kombinert hotell/overnatting, parkeringsplassar

I BKB2 kan det etablerast parkeringsplassar for BH1 og inntil 5 parkeringsplassar til allmenn bruk. I BKB2 kan det etablerast kai langs delar av strandlina. Området skal vere ope for ålmenn ferdsel.

Endringa er lagt inn i vedlagte føresegner datert 01.03.2024

Det er vidare forutsett at areal som ikkje direkte er ein del av hotellet/hotellområdet, her under strandsona/kaifront eller anna ved BKB2 og BH1 skal vere open for ålmenn ferdsel. Dette gjeld ikkje for det interne hotellarealet, her under strandlinje/område framfor hotellet. Vi har presisert dette med ending under:

Opphaveleg føresegn pkt. 2.9.5 «*Det kan etablerast kaifront langs delar av BH1.*»

Tillegg: Område/kaifront mellom molo og hotell skal vere open for ålmenn ferdsel

Etter ending

2.9.5 Det kan etablerast kaifront langs delar av BH1. Område/kaifront mellom molo og hotellbygning skal vere open for ålmenn ferdsel.

Endringa er lagt inn i vedlagte føresegner datert 01.03.2024

Elles er det og merke seg at Kystverket har bruksrettar ved molo og tilstøytane areal, mellom anna delar av området BKB2 og o_SV1 (rundkøyring). Endring av området krev samtykke frå dei.

Justering av trace for offentlig veg og fortau ved gbnr 95/15.

Offentleg veg/fortau langs grense til 95/15 er justert slik at det vert teke mindre areal av gbnr 95/15 til dette føremålet. Endringa er vist i oppdatert plankart datert 21.02.2024

Justering av planmateriell etter innspel om massehandtering frå Statsforvaltaren.

Vi har hatt eit avklaringsmøte med Statsforvaltaren, og noko dialog i etterkant i høve deira til dels omfattande merknader til planen. Vi lyt gje sakshandsamar hjå statsforvalytaren ros for rask og konkret handtering av både møte, førearbeid og etterarbeid i denne saka. Planen har tatt i vare og er justert i høve dei fleste av merknadane, her under massehandtering.

Det er etter framlegg frå Statsforvaltaren lagt inn nye punkt i føresegnene 1.2.2, 1.2.3, 1.9.2 og 2.9.7. Desse sikrar krav til dokumentasjon ved handsaming av massar, krav til massar som skal nyttast, og kva område som mellombels kan nyttast til masselager av jord og steinmassar. Endringane er lagt inn i vedlagte føresegner datert 01.03.2024.

Vurdering i høve utlegging til 2.g høyring.

Det er gjort ein del mindre endringar og tilpassingar i plankart og føresegner etter 1. gangs høyring, jf. merknadane over. Vi vurderer at endringane ikkje går ut over hovudrammene som har vore lagt i planen, og at endringane ikkje utløyser krav om at planen lyt leggest ut på ny/2.g offentlig høyring.

Planvurdering

Innleiande beskriving av planen frå planleggar

Planframlegget opnar i hovudsak for å regulere området slik at det kan byggast hotell og bustader. Området nærast sjøen er ønskt utbygt med hotell med tilhøyrande fasilitetar slik som restaurant og spa-område, og i sjøen er det ønskeleg å fylle ut i sjø slik at det kan byggast eit symjebasseng der. Vidare opnar planen for både konsentrert og frittliggande småhusbusetnad, ein leikeplass og ein skulpturpark, noko privat og/eller offentlig tenesteyting, i tillegg til utbetring av tilkomstveg og etablering av fortau

Tiltak i planen

Når tiltaket vert realisert, vil dette kunne gje Byrknes eit tilskot på inntil 44 nye bueiningar. Dette er fordelt på 10 einebustader, 7 rekkehus (8 bueiningar) og 30 leilegheiter er planlagt i dei ulike områda. Det skal også etablerast hotell med mellom 40-60 sengeplassar.

For å kunne etablere hotell med basseng skal det fyllast massar i sjø. Desse massane vert henta frå utbygginga av leilegheitsprosjektet på området SPA1.

Det skal opparbeidast eigne uteopphaldsareal innan planen, til saman 1,2 daa, her under skulpturpark som ligg på område f_BLK1.

Utbygginga lyt sjåast på som ei fortetting av allereie delvis utbygde areal sentralt på Byrknes. Plasseringa av bustadene i gangavstand til barnehage og skule, og butikk vil vere gunstig i høve til transport, miljø og trafikktryggleik.

Vidare vil gangavstanden til skule og barnehage gje moglegheit for bruk av desse områda og fasilitetar utanom brukstida. Kort veg til butikk og sentrum elles bør gjere dette buområdet attraktivt både for nyetablerarar med og utan barn samt seniorarar.

Realisering av hotell med 40-60 sengeplassar og tilhøyrande fasiliteter vil gje eit nytt positivt element til Byrknes, Gulen kommune og regionen elles.

I samband med fylling i sjø er det gjort kartleggingar av natur og botnforholda i rapport frå Rådgjevande biologer as. I samråd med Statsforvaltaren har ein funne at utfyllinga kan skje på ein trygg måte og med små konsekvensar i høve natur og forureining. Det er Statsforvaltaren som vil vere myndigheit i høve søknad om fylling i sjø.

Rekkefølgekrav sikrar gjennomføring

Før byggetiltak (for delfelta BFS2-7, BKS og BKB1) kan setjast i gang, er det krav om at avløpsanlegget i området er tilstrekkeleg oppgradert. Vidare også felles leikeplass f_BLK1. Leikeplass f_BLK2 lyt vere etablert før bustader på områda B1 og B2 kan takast i bruk. Hotell i BH1 kan ikkje takast i bruk før offentleg veg og fortau (o_SKV1 og o_SF1-5) er ferdig opparbeidd.

Trafikktryggleik.

Det er lagt vekt på å finne gode løysingar for trafikkavviklinga i området. Det vil vere 30 Km/t sone på staden. Det vert lagt opp til å oppgradera og utvide den kommunale vegen gjennom området, samt etablere fortau frå fylkesvegen og fram til Nedgardsvika. Dette gjeld også langs Fylkesvegen.

I planrapporten er det lagt opp til at fortau kan etablerast som markert stripe i vegen, d.v.s med løysing utan opphøgd/skiljande kant. Eit fråvik vil krevje dispensasjon frå planen si føresegn pkt. §3.3. Kommunen, her under vegavdelinga vil kunne gjere ei konkret vurdering av dette om ein slik søknad ligg føre. I den samanheng vil og andre fartsdempande tiltak kunne verte vurdert.

Universell utforming.

Krava i planen pkt. 1.6 og dei generelle krava i byggteknisk forskrift (TEK17) vil sikre universell utforming.

Naturmangfald.

Planleggar har gjort greie for planen og forholdet til naturmangfald i planrapporten pkt. 3.3 Krav om vurdering etter Naturmangfaldlova, pkt. 5.15 Naturmiljø, naturverdiar og friluftsliv, samt 8.4 Massedeponi og utfylling i sjø.

Jamfør § 7 i Naturmangfaldslova skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggest til grunn ved utøving av offentlege mynde. Vurdering og vektlegging av §§ 8 – 12 skal kome fram av vedtaket.

Nedafor er ein vurdering av tiltaket opp mot aktuelle paragrafar.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

I vurdering av naturmangfaldet er det nytta tilgjengeleg materiale i ulike databasar som naturbase.no, artsdatabanken.no og miljøstatus.no. Det er registrert artar merket som kritisk trua innanfor planområdet, ingen av artane er kategorisert som freda. Det er ikkje registrert viktige og utvalde naturtypar innanfor planområdet. Eksisterande kunnskap vurderast som god nok til at ein kan fatte vedtak i saka, og fylgjeleg tilfredsstillande for sakstype med omsyn til risiko for skade på naturmangfaldet.

§ 9: Føre-var-prinsippet:

Kunnskapsgrunnlaget er godt nok til at ein kan fatte vedtak i saka, jf. vurdering av § 8. § 9 er derfor ikkje aktuell for dette planframlegget.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Med bakgrunn i ovanfor vurdering av § 8 er det vurdert at det ikkje er grunnlag for ytterlegare vurdering av økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11 Kostnadar ved miljøforringing:

Tiltakshavar er innforstått med det økonomiske ansvaret ved miljøskade. Kostnadar ved å hindre eller avgrense skade omfattar alle kostnadar ved førebyggjande og/eller opprettande tiltak.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:

Jamfør ovanfor vurderingar er det ikkje planlagt tiltak som er i konflikt med funn knytt til naturtypar eller raudlista artar.

Vi vurderer at dei vurderingane som det er krav i Naturmangfaldlova er gjort slik lova krev, og er samd i vurderingane til planleggar. Planen stettar krava i Naturmangfaldlova §7.

ROS vurdering.

Det er gjennomført Risiko og såbarheitsvurdering (ROS) av planen og planleggar skriv i den samanheng:

Ros-analysen skal vere ein analytisk metode for å identifisere uønskte hendingar og vurdere sannsynet og konsekvens for at desse hendingane inntreff. Vidare skal ROS-analysen foreslå risikoreducerande og skadeavgrensande tiltak for å betre kunne redusere risikonivået. Analysen skal vurdere potensiell risiko og sårbarheit og endringar i denne ved foreslått arealbruk.

Konklusjonen frå analysen er at størst risiko vil vere sterk vind, men at dette og andre mindre forhold vil vere akseptable. Vi er samd i dette og vurderer elles at tiltaka ikkje vil få vesentlege verknader for kommunen si ROS elles.

Saka stetter aktuelt mål i samfunnsplanen.

Kommunen har i sin arealstrategi skreve om **«Sentrumsnære bustadområde»**
Gulen kommune vil i sentrumsnære bustadområde leggje til rette for bygging av ulike typar bustadar med størrelse, kostnadsnivå og universell utforming. Bustadområda våre skal ha kvalitetar som sikrar ein trygg alderdom og gode oppvekstmiljø for born og unge.»

Planen treff denne målformuleringa;

«Gulen kommunen skal i lag med private aktørar leggje til rette for berekraftige og gode butilbod i alle livsfasar»

Økonomiske konsekvensar

Utbygginga vil i byggeperioden bidra til bruk av det lokale næringslivet. Omfanget vil vere basert på omfanget av oppdraga som vert gjeve.

Ved etablering av bustadtiltaka i planen, vil ein òg leggje til rette for tilflytting til kommunen, noko som vil gje positivt bidrag. Med etablering av hotellet vil dette kunne gje både heilårs og sesongbaserte arbeidsplassar som også vil kunne generere inntekt og tilflytting til kommunen.

Planen legg opp til at det kommunale avløpsanlegget lyt oppgraderast før byggetiltak kan gjennomførast for områda (BFS2-7). Vidare lyt offentleg veg oppgraderast med fortau.

Det er i planen ikkje nemnd kven som skal dekke denne kostnaden, men vi reknar med at utbyggingsavtale med kommunen vert vurdert for gjennomføring av planen.

Barn og unge

For barn og unge vil tiltaket vere positivt. Det vert lagt opp til varierte og gode utanomhusareal innan planen som vil kunne nyttast for alle aldersgrupper. Vidare er det gangavstand til sentrum/butikk. Det at ein har gangavstand til arrangement ved/i skulen som idrett og opplæring, vil gjere at det er større moglegheit for at ein deltek på slikt. Her er også kort veg til buss- stopp i begge retningar. Bustadene vil fungere godt for alle aldersgrupper.

Kommunedirektøren sin innstilling til vedtak:

Gulen kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Byrknes Utvikling planID 4635-2021003 Gnr/Bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256.

Planen erstattar i sin heilheit Plan ID 2004012 detaljreguleringsplan for Byrknes 95/7.

Planen erstattar delar av reguleringsplanen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002.

Vedlegg

- 1 Byrknes utvikling 2021003 Føresegner 01.03.2024
- 2 Byrknes Utvikling 2021003 Plankart 21.02.2024
- 3 Byrknes utvikling 2021003 Planrapport 27.02.2024
- 4 Byrknes utvikling Ros analyse 23.02.2024
- 5 Byrknes utvikling VA rammeplan kart GH01 14.11.2023
- 6 Byrknes Utvikling VA-rammeplan rapport 16.11.2023.pdf
- 7 Merknadsskjema off ettersyn 20.11.2023
- 8 O1. DSB
- 9 O2. Gulen kommune VA-avdeling
- 10 O3. Byrknes og Øyane fiskarlag
- 11 O4. NGIB
- 12 O5. NVE
- 13 O6. Kystverket
- 14 O7. Fiskeridirektoratet
- 15 O8. Øyane vel
- 16 O9. Vestland fylkeskommune

- 17 O10. Statsforvalteren
- 18 O11. Statens vegvesen
- 19 O12. Statsforvalteren - tilleggsmerknad
- 20 P1 Uttale frå Reidar Byrknes og John Byrknes
- 21 P2. Uttale frå Harald Ludvik Oddekalv
- 22 P3. Uttale frå Terje Kjetil Byrknes
- 23 P4. Uttale frå Ole Svein Einebæreholm
- 24 Rådgjevande biologer as Konfliktvurdering for utfylling i sjø 17.11.2023

Handsaming i Hovudutval for plan utvikling og klima (HPUK) - 11.03.2024 av sak 19/2024 Gbnr. 95/7 og 95/11 m.fl Byrknes. Ny reguleringsplan Byrknes Utvikling. Pland ID 2021003. 2. gong handsaming:

Røysting

Innstilling

Kommunedirektøren sin innstilling til vedtak

Gulen kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Byrknes Utvikling planID 4635-2021003 Gnr/Bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256.

Planen erstattar i sin heilheit Plan ID 2004012 detaljreguleringsplan for Byrknes 95/7.

Planen erstattar delar av reguleringsplanen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002.

For forslaget stemte 3: Irene Perly Kjelby Wergeland (H), Ingolf Wergeland (KrF), Oliver Haveland (SP)

Med dette er innstillinga vedteke.

Vedtak i Hovudutval for plan utvikling og klima (HPUK) - 11.03.2024 av sak 19/2024 Gbnr. 95/7 og 95/11 m.fl Byrknes. Ny reguleringsplan Byrknes Utvikling. Pland ID 2021003. 2. gong handsaming:

Gulen kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Byrknes Utvikling planID 4635-2021003 Gnr/Bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256.

Planen erstattar i sin heilheit Plan ID 2004012 detaljreguleringsplan for Byrknes 95/7.

Planen erstattar delar av reguleringsplanen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002.

Handsaming i Kommunestyret (KS) - 12.04.2024 av sak 30/2024 Gbnr. 95/7 og 95/11 m.fl Byrknes. Ny reguleringsplan Byrknes Utvikling. Pland ID 2021003. 2. gong handsaming:

Habilitetsvurdering:

Stein-Inge Larsen (H) ba kommunestyret om å ta ein habilitetsvurdering ved behandling av saka, då han har rolle i firma som er part i saka.

Habilitetsvurdering:

Stein-Inge Larsen (H) var inhabil jf. forvaltningslova § 6 e) pkt 2.

Stein-Inge Larsen gjekk ifrå, vara Kjetil Hantveit tok plass.

Røysting

Innstilling

Hovudutval for plan, utvikling og klima si innstilling til vedtak

Gulen kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Byrknes Utvikling planID 4635-2021003 Gnr/Bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256.

Planen erstattar i sin heilheit Plan ID 2004012 detaljreguleringsplan for Byrknes 95/7.

Planen erstattar delar av reguleringsplanen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002.

For forslaget stemte 20: Margrethe Thune Trædal (AP), May-Lynn Osland (AP), Sondre Midtun (AP), Bjørn Brekke (H), Frode Kversøy (H), Irene Perly Kjelby Wergeland (H), Kjetil Hantveit (H), Kristin Kvamme Rasch (H), Severin Rokne (H), Øyvind Bøe (H), Bente Hauge (KrF), Ingolf Wergeland (KrF), Beate Haugland (SP), Helge Pedersen (SP), Lars Atle Larsen (SP), Linda Oppedal (SP), Nils Inge Ynnesdal (SP), Oliver Haveland (SP), Rolf-Daniel Midtun (SP), Andrine Sleire Tistel (V)

Med dette er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 12.04.2024 av sak 30/2024 Gbnr. 95/7 og 95/11 m.fl Byrknes. Ny reguleringsplan Byrknes Utvikling. Pland ID 2021003. 2. gong handsaming:

Gulen kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Byrknes Utvikling planID 4635-2021003 Gnr/Bnr 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256.

Planen erstattar i sin heilheit Plan ID 2004012 detaljreguleringsplan for Byrknes 95/7.

Planen erstattar delar av reguleringsplanen for Bardvågen kulturområde plan ID 1995002.